

Referat frå møte i styringsgruppa «Styringsgruppe for bygningsmessige endringar», ref. K-sak 062/20

| | |
|--------------------------------|--|
| Møte nr: | 08 |
| Dato: | 11.02.21. kl 14.00 – 16.00 |
| Deltakarar frå styringsgruppa: | Monika Vartdal Giske (SP), Kenneth Langvatn (H) , Sigvald Sæther (KRF), Silje Giske (V) |
| Frå administrasjonen: | Roar Blindheim (prosjektleiar), Vidar Giskeødegård (prosjektkoordinator bygg) , Marianne Stokkereit Aasen (kommunedirektør); Åse Elisabeth Skjærseth (kommunalsjef for oppvekst) |
| Fråvær: | |
| I tillegg møtte: | Harry Valderhaug (ordførar) |
| Referent: | Roar Blindheim |

| Sak nr | | Ansvar | Tid |
|--------|---|--------|-----|
| 01-08 | <p>Status i arbeidsgruppene</p> <p>Utvikling Det er 10.februar gjennomført felles personalmøte for nye Giske ungdomsskule. Forslag til organisering av tilsette, elevar, skuledag og bruk av areal vart presentert. Det vart gjennomført gruppedrøftingar, med tilbakemelding både i munnleg og skriftleg form. Ei godt gjennomført møte. Arbeidet i kollegiet vert ført vidare med drøftingar internt på skulane, og ny felles samling 3.mars. Dette vert ei heildagssamling med fokus på verdigrunnlag og felles plattform for den nye skulen. 16.februar vert det gjennomført samlingar i både interim-elevråd og interim-FAU for den nye ungdomsskulen.</p> <p>Bemanning Det vert arbeidd vidare med bemanning i den nye skulestrukturen. Avdelingsleiarstillingar både på Godøy 1-7 og Giske ungdomsskule er lyst ut.</p> <p>Bygg og trafikk/uteområde For Godøy skule er det no lagt inn faste møte mellom rektor og prosjektleinga kvar torsdag. Rektor ved Godøy skule har avtalt møte med FAU og SU onsdag 17.februar, der prosjektleing og teknisk eining deltek, med orientering om arbeidet med den nye ungdomsskulen og særleg fokus på trafikk og uteområde. Sjå elles kommentarar under sak 3,4 og 5.</p> <p>I alle arbeidsgruppene vert det arbeidd aktivt med mål om å starte opp med ny skulestruktur frå hausten 2021.</p> | | |
| 02-08 | <p>Info om vedtak i formannskapet denne veka Formannskapet drøfta saka knytta til økonomi i prosjektet og gjorde følgjande vedtak:</p> | | |

| | | | |
|-------|---|--|--|
| | <p>SF – 016/21: Vedtak: Tilråding:</p> <p>1.Giske kommunestyre godkjenner at lån til investeringar vert auka med inntil kr 12 mill, frå 25 520 000 til 37 520 000, og at netto investeringsramme vert auka tilsvarande.</p> <p>2.Giske kommunestyre ber kommunedirektøren søkje Statsforvaltaren om låneopptaket.</p> <p>3.Konkret investeringsavgjerd vert å kome tilbake til i Giske formannskap i tråd med vedtaket.</p> <p>Saka skal vidare handsamast I kommunestyret 18.02.21</p> | | |
| 03-08 | <p>Bygg Pyramiden</p> <p>Klart for å bli lagt ut på anbod – totalentreprise</p> <p>Ingen endringar er gjort sidan siste presentasjon i styringsgruppa</p> <p>Vesentlege endringar i bygget gjer at ein må søkje Arbeidstilsynet for å få godkjenning. Dette gjer at tiltaka som er planlagt i Pyramiden, må gjennomførast slik det er no er lagt opp til.</p> <p>Styringsgruppa ber om få tilsendt rapport frå Norconsult av 2015/16 for å sjå grunnlaget for dei investeringane ein no legg opp til.</p> <p>Styringsgruppa sluttar seg til at ombygging på Pyramiden no vert lagt ut på anbod.</p> <p>Det vert presisert at når det gjeld faktisk gjennomføring av ombyggingsprosjekta må ein ta atterhald om endeleg politisk godkjenning når anboda ligg føre.</p> | | |
| 04-08 | <p>Bygg Godøy skule</p> <p>Minimumsløysinga på Godøy skule blei drøfta. Godøy skule har tilstrekkeleg klasserom i dag utan ombygging. Detvil vere behov for å etablere enkle garderobetilpassingar, pluss tilpassing for SFO. Dette kan gjerast til lave kostnadar.</p> <p>Dagens forslag inneheld diverse ombygging som krev nye løysingar for ventilasjon. Dette er ei tenleg løysing for Godøy skule, som dei tilsette har vore med å utvikle, og styringsgruppa støttar dei forslaga som no ligg føre.</p> <p>Styringsgruppa drøfta om ei rimlegare løysing kunne vere å legge SFO til klasseromma for 1-4. Styringsgruppa sluttar seg likevel til dei teikningane som no ligg føre og som er utarbeidde i samarbeid med dei tilsette ved Godøy skule.</p> <p>Styringsgruppa sluttar seg til at ombygging på Godøy skule no vert lagt ut på anbod, med dei skisserte løysingane, men ein ser på justeringar for å redusere prisen.</p> <p>Styringsgruppa støttar at Pyramiden og Godøy skule vert lagt ut som to separate anbod.</p> | | |

| | | | |
|-------|--|--|--|
| | | | |
| 05-08 | <p>Trafikk/uteområde ved Godøy skule</p> <p>Gjennomgang av endringar som er planlagt for uteområdet. Parkering for tilsette er no flytta etter innspel frå skulen , slik at ein samlar all parkering på austsida av skulen.</p> <p>Styringsgruppa ber om at utviding av parkeringsområde vert vurdert tatt opp i teknisk utval.</p> <p>Kommunen skal delta på møte med FAU og SU onsdag 17.februar, med fokus på trafikk/uteområde. Leiar i FAU ved Godøy skule har formidla vidare innspel frå foreldre til trafikkløysingane. Desse vil bli drøfta i møtet med FAU.</p> <p>Parkering/uteområde blir lagt ut på anbod når dette er klart.</p> | | |
| 06-08 | <p>Eventuelt</p> <p>Kommunalsjefen informerte om svar på klage knytt til innsyn i referat frå styringsgruppe sine møte, mottatt 11.02.21.</p> <p>Statsforvaltaren gir kommunen medhald i praksis med utsending av referat frå styringsgruppa. Medhaldet er gitt på grunnlag av at referata vart forfatta som interne dokument. Etter nyttår har referat frå styringsgruppa vore sendt ut til skulane for vidare distribusjon til tilsette og FAU/foreldre. Denne praksisen vil halde fram.</p> | | |
| 07-08 | <p>Neste møte: 25.02 kl 14.00 - 1600</p> | | |